

Referat frå folkemøte bekk 3

17. juni 2026, Kommunestyresalen

Til stades:

Ål kommune: Ordførar Jørund Li, Rådmann Karsten Pop Dideriksen, Avdelingsleiar Svein Furuhaug, prosjektleiar Betina M. Gullhagen (referent), jurist Trine Ishoel.

Agenda

- Presentasjon av tiltak som skal gjennomførast
- Presentasjon av prosessen vidare
- Spørsmål og innspel undervegs

Innleiing ved Ordførar Jørund Li

- Alle i rommet presenterer seg.
- Administrasjonen sin oppgåve er å arbeide med å utgreie dei ulike sakene og deretter legge fram eit forslag til vedtak til politisk behandling. I arbeidet med saka skal administrasjonen gjere grundig arbeid for å kome fram til den beste faglege løysinga.
- Så er det opp til politikarane å avgjere sakane. Sakane med sikringstiltak blir sendt til STNR, deretter formannsskapet og til slutt blir saka avgjort i kommunestyret. Politikarane kan kome fram til ei anna løysing eller andre forslag til løysing enn det administrasjonen har kome fram til og anbefaler. Det er det som politikarane bestemmer som blir avgjersla i saka. Ved å sende inn innspel kan politikarane ta stilling til innbyggjarane sine meiningar når dei behandlar saka.
- Alle sakar er forskjellige og må handterast kvar for seg. Ål kommune har ikkje gjort akkurat dette før og det er difor naturleg at det vert diskusjonar.
- Ål kommune må støtte seg på fagkonsulentane når det kjem til dei tekniske vurderingane og prosjektering.
- Administrasjonen arbeidar for likebehandling av alle innbyggjarar i kommunen. Kvar sak skal løysast så rettferdig som mogleg, og det er viktig å tenke på at kvar sak blir eit eksempel for den neste saka som omhandlar dei same tema.
- Kvar sak med sikringstiltak skal til politisk behandling.


Svein Furuhaug

- Vi er utruleg heldige som har fått 90% dekning på kostnadane som er knytt til bekkeløpet frå NVE. Resterande 10% har kommunestyret vedtatt at skal fordelast på dei eigedommane som nyt godt av tiltaket. Kven som nyt godt av tiltaket skal behandlast i kvar enkelt sak.
- Ål kommune har bedt Skred as om å utarbeide ei prioriteringsliste for alle tiltaka som er av kritisk karakter i kommunen. Prioriteringslista er basert på kost-nytte prinsippet. Ein kan lese meir om korleis dette er løyst ved å lese rapporten knytt til prioriteringslista, den kan ein finne på Ål kommune si heimeside. Det er viktig at Ål kommune sikrar likebehandling i alle sakar og for å kunne få til det må det bli nytta så lite skjønnsom mogleg ved utveljing av kven som skal få sikringstiltak og ikkje. Det må vera heilt konkrete høve som er grunnlaget for vedtaket som kommunen skal gjere.
- Rett etter Hans, og før prioriteringslista var laga, fekk Ål kommune beskjed frå Skred as om ei rekke tiltak som var svært kritisk at vart utbetra. Desse tiltaka har blitt gjennomført eller er i gang med å bli gjennomført. Desse tiltaka er derfor ikkje med i prioriteringslista. Frå no vil det vera prioriteringslista som avgjer kva tiltak som Ål kommune skal søke om støtte frå NVE om å få gjennomført.
- Fristen for årets søkerunde går ut 1.juli og Ål kommune har planlagt å søke om fleire av tiltaka på lista. Nøyaktig kor mange blir avgjort ila denne veka (veke 24).
- Det blir ikkje gjennomført tiltak dersom Ål kommune ikkje får støtte frå NVE.

Svein presenterte det prosjekterte tiltaket i bekk 3 frå presentasjon som Asplan Viak heldt på folkemøte 05.03.26. Presentasjonen ligg på Ål kommune si heimeside.

- I Orelivegen skal Ål kommune sikre at bekken ikkje tek eit nytt flaumløp ved store nedbørshendingar. Under Hans heldt bekken på å reise ut i eit område der bekken i dag tek ein sving. Dersom vatnet hadde begynt å renne ut der ville vatnet fulgt sitt opprinnelige bekkeløp.
Ål kommune har dokumentasjon på at bekken har vorte flytta, akkurat når det skjedde veit vi ikkje. Sjå vedlegg 1 – Brev frå Norges geotekniske institutt og vedlegg 2 – brev frå statsskog. Bilete 1 under er eit utklipp frå vedlegg 1, utklippet viser ei teikning over korleis bekk 3 har vorte endra ei gong i tida.

Kommentar frå grunneigar i Øvre-Ålsvegen. Bekken var heilt sikkert flytta før 1935 for da vart huset ho bur i bygd og da var det ikkje nokon bekk der.



Bilete 1: Utklipp frå vedlegg 1

- Administrasjonen har bedt Skred as om ei uttala om kor vatnet vil renne dersom det renn ut i sving over Orelivegen. Skred as har gitt ein uttala og laga ei simulering av korleis vatnet vil renne dersom vatnet skulle renne ut i svingen i bekkeløpet over Orelivegen. Sjå epost frå skred as og bilete 2 og 3 under. Simuleringa er ein teoretisk modell for vassvegane basert på høgdekvoter og korleis terrenget er i dag. Hus merka med raud prikk vil truleg bli råka av vatn ved ei ny stor nedbørshending lik Hans dersom det ikkje blir bygd sikringstiltak. Simuleringa er det beste teoretiske vurderingane. For å vere sikker må vi oppleve ei ny stor nedbørshending.

Uttaltelse:


«Vi støtter deres opptelling av tomter som vil være tjent med at svingen i bekk 3 sikres fremfor at den finner tilbake sitt naturlige løp.

Det er få spor i terrenget for å kunne vurdere eksakt hvor flomvei/bekk fra denne ravinen opprinnelig har gått før etablering av boligfeltet.


I figuren under har vi tatt utgangspunkt i en dreosanalyse av vann på avveie om det spretter ut av svingen, basert på «dagens» terrengmodell. Dreosanalysen er samme som ligger til grunn i kartbilaget i rapport 23441-01-2.

Vår vurdering er at flomvei/bekk trolig har fulgt noe ala den rødstiplede stripa i figuren under, men at dette er vanskelig å fastslå eksakt. Basert på dreosanalysen på dagens terreng er det tydelig at tomtene for de 7 byggene dere har markert ville ha kunnet få skader dersom bekken igjen skulle ta nytt løp ned dette strekket, selv om ikke alle byggene nødvendigvis ville ha blitt berørt. Vi tenker at flomveier for «dagens» terreng er vel så relevant som å se på hvor vann fra denne ravinen har drenert tidligere.

Jeg tenker det er et rimelig spørsmål å stille om ikke Opplysningsvesenets fond / Ål Kirke også skulle forventes å bidra økonomisk, da aktivering av denne flomveien ville gitt skader over kirkegården. Det samme spørsmålet kan stilles om ikke byggene nede ved Prestegardsjordan også skulle ha bidratt, ref. nederste figur. Men det forståelig om man vil sette et skille ved Sundrevegen.»



Bilete 2: Simulering av vassveg for bekk 3.



Bilete 3: Simulering av vassveg for bekk 3.

Konsekvensar

- Administrasjonen har bedt om ein uttale frå Skred om eigedommane som ligg i flaumområdet til bekk 2 og kva konsekvensar som vil treffe desse eigedommane.

Svaret frå skred er som følgande:

«Som del av tiltaksvurderingen av kritiske punkter for bekkeløpene ble det ikke tegnet detaljerte flomfaresoner for hele området.»

Strekningen det er snakk om fanges heller ikke opp i NVEs automatiserte aktsomhetssonene for flom.

Basert på vår identifikasjon av kritiske punkter og analyse/opptegning av flomveier i rapport 23441-01-2 med kartbilag har kommunen likevel grunn til å anse dette strekket som et aktsomhetsområde, og pålegge detaljert flomfareutredning ved eventuelle byggesaker.

Ved en eventuell detaljert flomfareutredning ned strekningen vil trolig ikke alle husene for de aktuelle eiendommene falle innenfor faresoner, selv om flomløpet går over eiendommen.»

Økonomi

- Ål kommune dekker alle kostnader knytt til kartlegging, gjennomføring av prosjekta, skriving av rapportar i etterkant og oppfølging.
- Ål kommune betalar eigenandel på lik linje med alle grunneigarar der kommunen er grunneigarar sjølv.
- Kommunar som bygger sikringstiltak, kan etter naturskadelova paragraf 24 krevje tilbakebetaling av eigenandelen for sikringstiltaket frå dei som nyt godt av tiltaket.
- Ål kommune har gjort ei vurdering av kva for eigedommar (gnr/bnr) som nyt godt av tiltaka som er blitt gjort i kommunen. Fordelingsnøkkelen som er nytta per nå er altså ei administrativ vurdering av kven som nyt godt av tiltaket. Innbyggjarane står fritt til å melde inn innspel på andre fordelingsnøklar som vil bli tatt med i saka som blir sendt til politikarane.
- Ål kommune kjem til å presentere fleire ulike metodar for fordeling. Andre forslag som vil bli tatt med er ei utrekning basert på eigedomsstorleik, bruttoareal på bygg og ein kombinasjon av disse.
- Det er viktig at fordelingsnøkkelen er konkret, forutsigbar, baserast minst mogleg på skjønn og at den er mogleg å nytte for andre sikringstiltak i framtida. Fordelingsnøkkel må sikre likebehandling.

Ål kommune har full forståing for at eit pålegg om å betale eigenandel påverkar privatøkonomien til folk. Det er mogleg å få ei ordning med delbetaling av eigenandelen

Kommentarar og spørsmål

- Ein grunneigar seier at vatnet ikkje rant slik som simuleringa visar.
Svar: Grunneigar får korrigerings frå andre grunneigarar om at vatnet gjorde det, men at vatnet som den første fekk størst problem med kom frå ein annan plass. Vatnet fant nye vegar over alt og mykje kom også som grunnvatn.

- Kvifor er ikkje dette tiltaket i Orelivegen tatt med i rapporten «tiltaksvurdering av bekkar i Ål sentrum»?

Svar: Det er fordi dette tiltaket vart oppdaga etter ei synfaring med Skred as som da ga beskjed om at dette var eit svært kritisk punkt som gjekk framom andre tiltak. Svein Furuhaug hadde deretter med seg Asplan Viak opp for ei synfaring og etter dette kunne dei prosjektere tiltaket.

- Korleis blir det dersom ein eller fleire grunneigarar nektar å bidra til sikringstiltak?

Svar: Det er eit veldig godt spørsmål og må bli ei politisk vurdering. Skal det vere nok at ein grunneigar nektar, må det være meir enn 50%? Vanskeleg å ta stilling til.

- Korleis løysast det med vedlikehald?

Svar: Grunneigar sitt ansvar å sørge for at vatnet går der det skal. Dersom ein har ein bekk i hagen er ein nøyd til å følge opp at bekken ikkje går tett osv. Det var likevel meir fokus på dugnadsånd før og det er naturleg å tenke at fleire skal kunne bidra til å rydde terrenget slik at vatnet går der det skal. Ål kommune har tilsynsplikt med alle sikringstiltak.

Vidare prosess

- Saka er tidlegast klar for behandling i STNR i august, deretter i Formannskapet i september og Kommunestyret i september.
- Administrasjonen skal legge ut forslag til delingsnøkkel på Ål kommune si heimeside slik at det er mogleg å kome med innspel til dette før saka skal behandlast politisk.

Oppsummering og konklusjon

- Alle er nøgd med at det blir gjort sikringstiltak.
- Det kokar ned til at innbyggjarane er bekymra for kostnadsfordeling og kven som nyt godt av tiltaket. Ål kommune skal presentere fleire moglege delingsforslag. Forslaga blir lagt ut på Ål kommune si heimeside slik at innbyggjarane kan kome med innspel. Administrasjonen må gjere ei vurdering og legge fram grunngjevinga for den, også må politikarane ta stilling til om ei støttar vurderinga.
- Nyttig med ei simulering av vassvegane. Da vart det mykje enklare å forstå.
- Det er viktig at vi legg fortida bak oss og fokuserer på løysingar for framtida. Det er ingen som veit når ei liknande hending som Hans kjem til å skje.

- Det er viktig med god kommunikasjon og at alle involverte partar får ei felles forståing av tiltaket og delingsnøkkelen som vert brukt. Uansett kva for delingsmodell som vert nytta vil nokon vera ueinige.
- Vi har alle eit felles mål – at innbyggjarane skal følge seg trygge og sove godt om natta.
- Vi er heldige som har så god dialog med statlege og fylkeskommunale organ, det gjer at prosjekta våre går enklare. Det at Ål kommune har fått 90% støtte til sine sikringstiltak så langt er ei gåvepakke frå staten.